



Nordbohus Villanger & Sønner AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4698 - 15/1426

Saksbehandlar:

Merethe Tvedt

merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:

26.01.2015

## GODKJENNING- OPPFØRING AV TILBYGG TIL BUSTAD GBNR 22/66, JUVIKNIPA

**Administrativt vedtak. Saknr: 26/2015**

**Tiltakshavar:** Asbjørn Lomheim

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Nordbohus Villanger & Sønner AS v/Rune Kristoffersen har på vegne, av tiltakshavar Asbjørn Lomheim søkt

om tilbygg til einbustad på 32 m<sup>2</sup> etter Plan- og bygningslova § 20-2 på sin eigedom gbnr 22/66 i Juviknipa. Søknaden var motteke 06.01.2015 i Meland kommune.

### VURDERING

#### Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for industriområde Mjåtveit/Frekhaugmarka regulert til einbustad.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 18.12.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

#### Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart motteke 06.01.2015. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

#### Parkering og utandørs opphaldsareal:

Tillatt grad av utnytting på tomte (% BYA) er 35 %. For kvar bueining skal det vera minst 1,5

---

#### **Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### **Kontakt**

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

oppstillingsplassar for bil. Følgjeleg samsvarer tiltaket med reguleringsplanen.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1.

**Vedtak**

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av tilbygg til ein bustad på 32 m<sup>2</sup> på gbnr. 22/66 i samsvar med søknad motteke 06.01.2015.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar stempla godkjent 26.01.2015.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søker – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.»

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

2266  
22662

**Mottakere:**  
Nordbohus Villanger & Sønner AS